

## Arbeid og ny lekkasje på skadeplassen.

06.03.2018



Musland Maskin med Tore Musland og Johannes Fet er på plassen.

**Vasslekkasjen er lokalisert ved busslomma og nedkøyrsla til skulen. I dag tidleg starta Musland Maskin arbeidet med finna brotet på den gamle ledningien. Straks det var gjort, fall ein større stein ned og skada den nye 6 toms ledningen. Dermed er skaden straks meir omfattande og vatnet er stengd for alle brukarar innom Uskedal bru.**

Det var torsdag det vart oppdaga stort vasstap på nettet, ein plass frå Grano til Myro. I natt kom skaden til syne ved busslomma og nedkøyrsla til skulen. Heile 25 liter rann ut pr. sekund. No er skaden nøyaktig lokalisert, og ei stund la ein opp til å forsyna abonnentane med redusert trykk.

No er situasjonen endra. Dette skuldast at dei to vassledningane, den nye og den gamle, kryssar kvarande der lekkasjen er lokalisert. Skaden vil og medføra skit i røyrane og ein vert oppmoda om å ikkje bruka vaskemaskinar og andre installasjonar der vatnet vert drege inn i huset.

Meir informasjon kjem på nettsida Uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal